**Avvik fra bestemmelser i opplæringsloven og forskrift til opplæringslov i forsøk med modulstrukturerte læreplaner i forberedende voksenopplæring (FVO), oppdatert pr. mars 2021**

| Lovverk | Avvik fra | Utprøving i forsøket |
|---|---|---|
| **Opplæringslova** | | |
| | **Opplæring spesielt organisert for vaksne** | |
| **Opplæringslova § 4A-4.** | ***Kommunen og fylkeskommunen si plikt til å sørgje for grunnskoleopplæring og vidaregåande opplæring for vaksne***<br>*For opplæring etter dette kapitlet gjeld § 13-1 med unntak av andre ledd, §§ 13-2 til 13-3a og § 13-10.*<br><br>*Kommunen og fylkeskommunen kan nytte studieforbund, godkjente nettskolar og andre som gir tilbod om grunnskoleopplæring og vidaregåande opplæring for å oppfylle plikta til å gi opplæring til vaksne.*<br><br>*Kommunen og fylkeskommunen har ansvaret for at vaksne får dokumentert opplæringa som dei har gjennomført.*<br><br>*Kommunen og fylkeskommunen skal leggje til rette for at vaksne som får opplæring etter dette kapitlet, får høve til å ta aktivt del i arbeidet med å fremje eit godt læringsmiljø og utdanningstilbod*<br><br>*Departementet gir nærmare forskrifter om vurdering, om klage på vurdering, om eksamen og om dokumentasjon.* | Kunnskapsdepartementet har delegert til Kompetanse Norge å gi nærmere regler om vurdering, om klage på vurdering, om eksamen og om dokumentasjon. |
| **Opplæringslova § 4A-6.** | ***Innhaldet i opplæringa***<br>*§ 1-1 gjeld så langt det passar for opplæring etter dette kapitlet.*<br>*Læreplanar etter §§ 1-5, 2-3, 3-* | I forsøket skal opplæringen omfatte fagene norsk, norsk for språklige |

| | | |
|---|---|---|
| | *4 og 6-4 gjeld med dei tilpassingar som følgjer av dette kapitlet.* | minoriteter, engelsk, matematikk, naturfag og samfunnsfag. Opplæringen i disse fagene skal bygge på forsøkslæreplanene som er utarbeidet for forsøket i forberedende voksenopplæring (FVO). |
| ***Forskrift til opplæringslova*** | | |
| | ***Generelle føresegner*** | |
| **Forskrift til opplæringslova § 4-3** | ***Vurdering i fag***<br>*Formålet med vurdering i fag er å fremje læring og lærelyst undervegs, og å gi informasjon om kompetanse undervegs og ved avslutninga av opplæringa i faget.*<br><br>*Grunnlaget for vurdering i fag er kompetansemåla i læreplanen i faget. Kompetansemåla skal forståast i lys av teksten om faget i læreplanen. Deltakarar skal vere kjende med læreplanen i faget.*<br><br>*Føresetnader, fråvær, orden eller åtferd skal ikkje inn i vurderinga i fag. Innsats er berre ein del av grunnlaget for vurdering dersom det følger av læreplanen i faget.*<br><br>*Deltakarane skal møte fram og delta aktivt i opplæringa. Stort fråvær eller andre særlege grunnar kan føre til at lærar ikkje har tilstrekkeleg vurderingsgrunnlag til å gi halvårsvurdering med karakter eller standpunktkarakter i fag* | I forsøket er grunnlaget for vurdering i fag kompetansemålene i forsøkslæreplanene. |
| **Forskrift til opplæringslova § 4-4** | ***Karakterar i fag mv.***<br>*Vurdering med karakterar skal givast med talkarakterar. Det skal brukast talkarakterar på ein skala frå 1 til 6. Berre heile talkarakterar skal brukast.*<br><br>*Dei enkelte karaktergradene har dette innhaldet:*<br><br>*a. Karakteren 6 uttrykkjer at deltakaren har framifrå kompetanse i faget.* | Det skal gis vurdering med karakter i modul 3 og 4. I modul 3 og 4 skal det brukes tallkarakterer på en skala fra 1 til 6.<br><br>I modul 1 og 2 skal det brukes andre uttrykk enn tallkarakterer. De andre uttrykkene er |

| | | |
|---|---|---|
| | *b. Karakteren 5 uttrykkjer at deltakaren har mykje god kompetanse i faget.*<br><br>*c. Karakteren 4 uttrykkjer at deltakaren har god kompetanse i faget.*<br><br>*d. Karakteren 3 uttrykkjer at deltakaren har nokså god kompetanse i faget.*<br><br>*e. Karakteren 2 uttrykkjer at deltakaren har låg kompetanse i faget.*<br><br>*f. Karakteren 1 uttrykkjer at deltakaren har svært låg kompetanse i faget.*<br><br>*I vidaregåande opplæring svarer bestått til karakterane 2 til 6. Fag med karakteren 1 i standpunktkarakter er bestått i faget når eksamenskarakteren er 2 eller betre. Det gjeld ikkje dersom eksamenskarakteren er for ein tverrfagleg eksamen. Departementet kan fastsetje i læreplanverket at uttrykka bestått/ikkje bestått eller delteke/ikkje delteke skal nyttast i staden for talkarakter.*<br><br>*Ved realkompetansevurdering brukast uttrykka godkjent eller ikkje godkjent i heile eller delar av faget* | Godkjent/ikke godkjent:<br>For å få godkjent må deltakeren ha vist tilfredsstillende kompetanse i modulen.<br><br>I alfabetiseringsmodulen er uttrykket deltatt. |
| **Forskrift til opplæringslova § 4-8** | ***Halvårsvurdering i fag***<br>*Halvårsvurdering i fag er ein del av undervegsvurderinga. Den skal vise kompetansen deltakaren har i faget, og gi rettleiing om korleis han eller ho kan auke kompetansen sin. Deltakarar skal få halvårsvurdering utan karakter gjennom heile opplæringsløpet.*<br><br>*Frå 8. årstrinn skal deltakarar i tillegg ha halvårsvurdering med karakter. Halvårsvurdering med karakter skal vere skriftleg og gi uttrykk for den* | I forsøket skal halvårsvurderingen vise kompetansen opp mot kompetansemålene i modulene i forsøkslæreplanen. |

| | | |
|---|---|---|
| | *kompetansen deltakaren har nådd ut frå det som er forventa på tidspunktet for vurderinga. Vurderinga skal givast midt i opplæringsperioden, og ved slutten av opplæringsåret for fag som ikkje blir avslutta. Dersom opplæringa på det enkelte trinnet varer mindre enn eit semester, skal det ikkje givast halvårsvurdering. I fag med fleire standpunktkarakterar gir læreplanane informasjon om talet på karakterar i halvårsvurderinga.*<br><br>*Faglærar gjennomfører halvårsvurderinga for deltakarar.* | |
| | ***Vurdering*** | |
| **Forskrift til opplæringslova § 4-9** | ***Sluttvurdering i fag***<br>*Sluttvurderinga skal gi informasjon om kompetansen til deltakaren ved avslutninga av opplæringa i fag. Alle deltakarar, også deltakarar med individuell opplæringsplan, skal vurderast etter kompetansemåla i læreplanen, jf. § 4-3.*<br><br>*Sluttvurderingar i grunnskoleopplæringa for vaksne er standpunktkarakterar, eksamenskarakterar og godkjent etter realkompetansevurdering.*<br><br>*Sluttvurderingar i vidaregåande opplæring for vaksne er standpunktkarakterar, eksamenskarakterar og godkjent etter realkompetansevurdering.*<br><br>*Sluttvurderingar skal førast på dokumentasjon, og er eit enkeltvedtak som det kan klagast på etter reglane i kapittel 5.*<br><br>*Når ein deltakar har ein bestått sluttvurdering i eit fag skal denne følgje deltakaren fram til kompetansebevis og vitnemål. Han eller ho kan då ikkje bli deltakar i faget på nytt. Deltakarar som har fått sluttvurdering i eit fag frå vidaregåande opplæring på ungdomstrinnet, jf. § 1-15, kan velje* | Sluttvurderingen skal gi informasjon om kompetansen til deltakeren ved avslutningen av opplæringen i modul 4.<br><br>Sluttvurdering i FVO er standpunktkarakter og eksamenskarakter. |

| | | |
|---|---|---|
| | *om faget skal godkjennast etter § 1-16 eller om han eller ho vil ta faget på nytt som deltakar* | |
| **Forskrift til opplæringslova § 4-10** | ***Standpunktkarakterar i fag***<br>*Ein standpunktkarakter skal vere uttrykk for den samla kompetansen deltakaren har i faget ved avslutninga av opplæringa.*<br><br>*Deltakaren skal vere kjend med kva det blir lagt vekt på i fastsetjinga av hennar eller hans standpunktkarakter. Deltakaren skal ha fått høve til å vise kompetansen sin på fleire og varierte måtar. Kompetanse som deltakaren har vist i løpet av opplæringa, er ein del av vurderinga når standpunktkarakteren skal fastsetjast.*<br><br>*Standpunktkarakterar i fag med sentralt gitt eksamen skal fastsetjast seinast dagen før fellessensurmøtet.*<br><br>*Standpunktkarakterar i fag med lokalt gitt eksamen skal fastsetjast seinast dagen før skolen gjennomfører den første eksamenen i faget på det aktuelle trinnet innanfor utdanningsprogrammet.*<br><br>*Faglæraren set standpunktkarakter. Dersom rektor er i tvil om reglane for fastsetjing av standpunktkarakter er følgde, kan rektor krevje at faglærar gjer ei ny fagleg vurdering før karakterane blir fastsette og førte.*<br><br>*Rektor har ansvaret for at det blir gjort enkeltvedtak om ikkje å gi standpunktkarakter i fag. For å gjere enkeltvedtak om å ikkje gi karakter, skal deltakaren først vere varsla, jf. § 4-5* | Standpunktkarakter er karakter som blir gitt ved avslutningen av modul 4, og som skal føres på kompetansebevis og/eller vitnemål. |
| **Forskrift til opplæringslova § 4-11** | ***Realkompetansevurdering***<br>*Det er mogleg å nytte realkompetansevurdering som sluttvurdering i fag.*<br><br>*På Vg3 yrkesfaglege utdanningsprogram som skal avsluttast med fag- eller sveineprøve, kan ikkje realkompetansevurdering nyttast som sluttvurdering. Der kan* | I dette forsøket skal vurdering av realkompetansen til den voksne gjøres i forhold til kompetansemålene i modulene i forsøkslæreplanene. |

| | | |
|---|---|---|
| | *realkompetansevurdering berre nyttast for å avklare kva slags opplæring den vaksne har behov for, jf. § 6-46 og § 6-47* | |

| | | |
|---|---|---|
| | ***Eksamen*** | |
| **Forskrift til opplæringslova § 4-14** | ***Om eksamen***<br>*Ein eksamenskarakter skal vere uttrykk for den kompetansen kvar enkelt deltakar eller privatist viser på eksamen. Eksamen skal vere i samsvar med kompetansemåla i læreplanen, jf. § 4-3. Eksamen skal gi deltakaren eller privatisten høve til å vise sin kompetanse i så stor del av faget som mogleg ut frå eksamensforma.*<br><br>*Om det skal vere eksamen i faget, når i opplæringsløpet det skal vere eksamen, om det skal vere førebuingstid i faget og om eksamen skal vere sentralt eller lokalt gitt er fastsett i læreplanen i kvart fag i vidaregåande opplæring. Departementet fastset kor mange eksamenar det skal vere i grunnskolen for både deltakarar og privatistar, og kor mange eksamenar det skal vere på kvart årstrinn i vidaregåande opplæring.*<br><br>*Fylkesmannen kan i særlege tilfelle og etter søknad gi kommunen høve til å arrangere lokalt gitt eksamen for privatistar på andre tider av året enn ordinær eksamen* | Eksamen skal være i samsvar med forsøkslæreplanene i FVO.<br><br>Deltakere i FVO skal som hovedregel *eller* så langt det er mulig trekkes ut til én sentralt gitt skriftlig eksamen og én lokalt gitt muntlig eksamen ved avslutningen av opplæringen i modul 4.<br><br>Til sentralt gitt skriftlig eksamen blir det trukket mellom norsk/norsk for språklige minoriteter, engelsk og matematikk.<br><br>Til lokalt gitt muntlig eksamen blir det trukket mellom norsk/norsk for språklige minoriteter, engelsk, matematikk, naturfag og samfunnsfag. Deltakeren kan trekkes ut i samme faget til sentralt gitt og lokalt gitt eksamen. |
| **Forskrift til opplæringslova § 4-15** | ***Ansvar***<br>*For sentralt gitt eksamen har Utdanningsdirektoratet ansvaret for å utarbeide eksamensoppgåver, setje dato og for sensur, om ikkje anna er fastsett i læreplanen i faget.* | Kompetanse Norge fastsetter hvordan eksamen i det enkelte faget skal organiseres, hvordan eksamensoppgaven skal være, datoen for den |

| | | |
|---|---|---|
| | *For lokalt gitt eksamen har skoleeigar har ansvaret for å utarbeide eksamensoppgåver, setje dato og for sensur, om ikkje anna er fastsett i læreplanen i faget. Faglærar skal utarbeide forslag til oppgåver.*<br><br>*Skoleeigar har ansvar for å gjennomføre alle eksamenar for deltakarar og privatistar, og for å trekkje deltakarar til eksamen. Skoleeigar har ansvar for gi deltakarar informasjon om eksamen og kva det blir lagt vekt på i vurderinga. Dei har òg ansvar for at privatistar i grunnskolen får tilgang til slik informasjon.*<br><br>*Dei som er ansvarleg for å utarbeide eksamen avgjer om eksamen kan gjennomførast med hjelpemiddel, og kva for hjelpemiddel som er tillatne i kvart enkelt fag.* | enkelte eksamenen, og hvordan sensurordningene skal være. |
| **Forskrift til opplæringslova § 4-16** | ***Melding til eksamen***<br><br>*Utdanningsdirektoratet fastset meldingsfristar og korleis melding til eksamen skal gå føre seg.*<br><br>*Skoleeigar melder til eksamen alle deltakarar som tek del i opplæringa i fag som blir avslutta med eksamen. Deltakarar i vidaregåande opplæring må sjølve melde seg til ny eksamen, utsett eksamen og særskild eksamen til skoleeigar.*<br><br>*Privatistar i grunnskolen har sjølve ansvaret for å melde seg til eksamen til den skolen eller den instansen som kommunen fastset. Privatisten kan ikkje vere deltakar i faget ved tidspunktet for oppmelding. Ein privatist kan berre melde seg til eksamen i det same* | Kompetanse Norge fastsetter meldingsfrister og hvordan melding til eksamen skal foregå. |

| | | |
|---|---|---|
| | *faget éin stad. Skolen eller instansen som fylkeskommunen peikar ut, avgjer om meldinga kan godkjennast. Privatistar må betale ein prøveavgift etter fastsette satsar. Dei må ikkje betale for utsett og ny eksamen* | |
| | ***Dokumentasjon*** | |
| **Forskrift til opplæringslova § 4-27** | ***Rett til dokumentasjon*** *Alle som har fullført grunnopplæringa, har rett til å få opplæringa dokumentert. Godkjend realkompetanse er likeverdig med bestått og skal dokumenterast. Deltakarar som har gått gjennom delar av opplæringa, har krav på å få denne dokumentert.*<br><br>*Utdanningsdirektoratet fastset dei formulara som skal nyttast.*<br><br>*Privatistar som har vore oppe til eksamen i grunnskolen, har rett til å få dette dokumentert.*<br><br>*Deltakarar i vidaregåande opplæring som oppnår ny(e) karakter(ar) i fag eller tek nye fag, har rett til ny dokumentasjon.*<br><br>*Dersom dokumentasjonen går tapt, skal det skrivast ut ny dokumentasjon som er så identisk som råd er, men dokumentasjonen skal ikkje tilbakedaterast* | Alle som har fullført en modul i FVO, har rett til å få opplæringen dokumentert med et kompetansebevis. |
| **Forskrift til opplæringslova § 4-28** | ***System for føring av karakterar og fråvær***<br><br>*Skoleeigaren skal ha eit system for føring av karakterar.*<br><br>*Halvårsvurdering med karakter, standpunktkarakterar og eksamenskarakterar skal førast inn i systemet som skoleeigar bruker.* | Skoleeier skal ha et forsvarlig system for føring av karakterer, jf. opplæringsloven § 13-10 første ledd. |

| | | |
|---|---|---|
| | *Karakterane er fastsette når karakterane er førte inn.*<br><br>*Halvårsvurdering med karakter kan ikkje endrast etter at karakterane er gitte. Standpunktkarakterar og eksamenskarakterar kan endrast etter klage. Føringsfeil skal rettast og attesterast av skoleeigar* | Halvårsvurdering, standpunktkarakter (modul 4) og eksamenskarakter skal føres inn i systemet som skoleeier bruker. Karakterene er fastsatt når karakterene er ført inn. Halvårsvurdering kan ikke endres etter at de er gitt. (…) |
| **Forskrift til opplæringslova § 4-29** | ***Vitnemål i grunnskolen***<br>*Alle deltakarar skal ha vitnemål når dei fullfører grunnskoleopplæringa. Vitnemålet til deltakaren skal innehalde standpunktkarakterar og eksamenskarakterar. Kravet til vitnemål er sluttvurdering i faga norsk, engelsk og matematikk og to av faga:*<br><br>*a. matematikk munnleg*<br>*b. naturfag*<br>*c. samfunnsfag*<br>*d. kristendom, religion, livssyn og etikk (KRLE).*<br><br>*Deltakarar som har teiknspråk eller samisk som førstespråk, kan få standpunktkarakterar i dette faget ført på vitnemålet i tillegg til eller i staden for norsk.*<br><br>*Deltakarar med samisk i fagkrinsen skal ha vitnemål med norsk og samisk tekst.*<br><br>*Deltakarar i grunnskolen som har hatt individuell opplæringsplan, skal få dette ført på vitnemålet dersom deltakaren ønskjer det.*<br><br>*Kommunen har ansvaret for å skrive ut vitnemål for deltakarar og privatistar i grunnskolen* | Alle deltakere skal ha vitnemål når de fullfører modul 4 i alle fagene som inngår i FVO.<br><br>Vitnemålet skal inneholde standpunktkarakter og eksamenskarakter.<br><br>Kravet til vitnemål er sluttvurdering i fagene norsk/norsk for språklige minoriteter, engelsk, matematikk, naturfag og samfunnsfag. |

| | | |
|---|---|---|
| **Forskrift til opplæringslova § 4-30** | ***Kompetansebevis i grunnskolen***<br>*Kompetansebevis blir skrive ut som dokumentasjon for grunnskoleopplæring etter opplæringslova kapittel 4A i dei tilfella der vilkåra for å få vitnemål ikkje er oppfylte.*<br><br>*Kompetansebeviset skal vise kva for standpunkt- og eksamenskarakterar som er oppnådde, og godkjend realkompetanse. Kompetansebevis blir også skrive ut som dokumentasjon på gjennomgått opplæring i dei tilfella der deltakaren berre har fått opplæring i delar av eit fag.*<br><br>*Dersom deltakaren ikkje fullfører faget på nivået der læreplanverket fastset at standpunktkarakter skal givast, men ønskjer å få dokumentert sin kompetanse i faget skal den siste halvårsvurderinga med karakter som deltakaren har fått, førast på kompetansebeviset. Det skal då førast ein merknad om at karakteren er halvårsvurdering med karakter.*<br><br>*På kompetansebeviset skal berre kompetansen den vaksne har fått godkjent gjennom realkompetansevurderinga, førast. Det den vaksne eventuelt ikkje får godkjent i ei realkompetansevurdering, skal ikkje førast på kompetansebeviset. Kompetansebeviset skal førast på fagnivå. Dersom den vaksne har fått godkjent berre delar av eit fag, skal det førast merknad om dette. Kva for kompetansemål som er godkjende, skal gå fram av eit vedlegg til kompetansebeviset.* | Kompetansebevis blir skrevet ut som dokumentasjon for forberedende voksenopplæring i forsøket i de tilfellene der vilkåret for å få vitnemål ikke er oppfylt.<br><br>Kompetansebeviset skal vise hvilken standpunkt- og eksamenskarakter som er oppnådd etter modul 4 i faget, og godkjent realkompetanse.<br><br>Kompetansebevis blir også skrevet ut som dokumentasjon på fullført opplæring i grunnmodulen, modul 1, 2, 3 og 4 i fagene. |

| | | |
|---|---|---|
| | *Kommunen er ansvarleg for å skrive ut kompetansebevis for deltakarar. Etter at kommunen har realkompetansevurdert ein vaksen, skal det skrivast ut kompetansebevis* | |